



HANDLINGSPLAN FOR TRYGT OG INKLUDERANDE SKULEMILJØ SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE

Innhald

1.1 Trygt og inkluderande skulemiljø.....	2
1.2 Førebyggjande arbeid	3
1.2.1 Tiltak på system- og individnivå.....	3
1.2.2 Arbeid med relasjonskompetanse og felles forståing.....	4
1.2.3 Informasjon til elevar og føresette om 9A	5
1.3 Aktivitetsplikta	5
1.3.1 Rettsleg grunnlag	5
1.3.2 Følgje med, gripe inn og varsle	6
1.3.3 Skjerpa aktivitetsplikt.....	6
1.3.4 Undersøke.....	7
1.3.5 Setje inn tiltak.....	7
4.1 Saksgang - skulemiljøsaker	8
4.2 Lenkjer	10

1.1 Trygt og inkluderande skulemiljø

Skulen skal jobbe for eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane blir oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Eit systematisk arbeid er avgjerande for å skape eit trygt og inkluderande skulemiljø.

Skulen har nulltoleranse mot krenkingar, jf. oppl. § 12-3. Eksempla som er nemnt i lova er mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men skulen har òg nulltoleranse for mindre alvorlege krenkingar. Verken direkte handlingar som eksempelvis hatytringar eller meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking, skal tolererast. Kva som er ei krenking skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsegner eller ueinigheiter er krenkingar. Skulen si oppgåve er òg å lære elevane å tenke kritisk og å respektere andre sine meiningar og overtendingar, jf. Prop. 57 L (2016–2017) punkt 4.5.3.

Kapittel 12 gjeld på skulen, i friminutta, på skulevegen og all aktivitet i skulen sin regi. I utgangspunktet gjeld ikkje kapittel 12 på fritida, men om elevane opplever noko på fritida som gjer at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, må skulen likevel handle i tråd med aktivitetsplikta. Dette er særleg aktuelt i forbindelse med digitale krenkingar.

Sogndal vidaregåande skule arbeider aktivt for å førebyggje og fange opp utfordringar i skulemiljøet. Eit trygt og inkluderande skulemiljø er avgjerande for å kunne gje elevane ei god opplæring der målet er auka gjennomføring.

Dette kjem fram i to av dei overordna måla i strategiplanen for 2021-2031:

- Vi skal få fram det beste i alle elevane og hjelpe dei til å gjennomføre vidaregåande skule
- Vi skal samhandle internt til det beste for utvikling av eleven

Skulen har òg i sitt utviklingsarbeid desse fokusområda:

- Elevaktive undervisningsformer
- Utprøving og innføring av [VIP Makerskap](#) på Vg1 og Vg2
- Klasseleiing i det elevaktive klasserommet

Ein kvardag prega av trivsel, motivasjon og lærelyst er tett knytt til kvaliteten på skulemiljøet.

Alle som inngår eit arbeidsforhold på Sogndal vgs, må underteikne på at dei har fått informasjon og er kjende med pliktene som er knytte til kapittel 12. Alle tilsette skal informerast om rutinar, prosedyrar og retningslinjer rundt skulen si oppfølging av 12 ved starten av kvart skuleår.

1.2 Førebyggjande arbeid

Gjennom systematisk arbeid frå innsøking og inntak til fullføring, får leiinga og elevtenesta kjennskap til elevmassen og kan kome "tidleg på bana" både før skulestart og undervegs i opplæringsløpet.

1.2.1 Tiltak på system- og individnivå

Før skulestart:

Individuelle og felles overgangsmøte med ungdomsskulane i regionen.

Døme på tiltak:

- Klasseinndeling – medvitne val for å forebygge mobbing/utanforskap
- Ekstra oppfølgingsressurs til kontaktlærer i klassar med utfordringar
- Deling i fag – to-lærarsystem

Skulestart:

Ein god skulestart dannar grunnlaget for eit trygt og inkluderande læringsmiljø.

Tiltak:

- Oppstartssamtale med kontaktlærer
- Sosiale aktivitetar som byggjer godt klassemiljø
- Aktivitetsdagar
- Vektlegging av godt klasse- og læringsmiljø i oppstarten av faga
- VIP makkerskap

Arbeid med elevmedverknad:

Elevmedverknad er ein viktig faktor i arbeidet med skulemiljøet. Skulen legg til rette for at elevane kan engasjere seg og delta aktivt i ulike råd og utval:

- Klassens time - samarbeid mellom kontaktlærer og elevar, elevrådsarbeid og klasseaktivitetar
- Elevråd - alle klassar har ein representant og ein vararepresentant. Arbeidet vert støtta av rektor og miljøkoordinator
- Arbeidsmiljøutval - to elevrepresentantar

Elevtenestemøte annakvar veke:

Her deltek leiar for elevtenesta, rådgjevarar, miljøkoordinatorar, arbeidslivskontakt og helsesjukepleiar. Målet er å oppdage og kartlegge elevar med utfordringar, setje inn/følgje opp tiltak og avklare ansvarsfordeling.

Kontakt med eksterne samarbeidspartar:

- Elevtenesta har møte og dialog med eit nettverk av samarbeidspartar (politi, flyktningtenesta, rusomsorg, barnevern, BUP, NAV).
- Helsesjukepleiar og psykiatrisk helsesjukepleiar er fast stasjonerte på skulen.
- Faste møtepunkt mellom rådgjevarar og RLT innafor områda PPT, OT og opplæring for vaksne.

Individuelle samtalar og rådgjeving

Elevane vert fanga opp "i det systemretta arbeidet" og kan bli innkalla, tilvist av kontaktlærar eller tek sjølve kontakt. Ved sosiale og helserelevante utfordringar vert elevane viste vidare i hjelpeapparatet.

Tiltak for betre miljø:

Miljøkoordinatorane jobbar forebyggande rundt elevane med ulike typar tiltak:

- Skulefrukost
- Hybelsamtalar (tilbod til alle VG1-elevar og nye elevar på VG2)
- Open kveld med gratis middag og ulike aktivitetar
- Tilgang til symjehall, styrkerom og idrettshall
- Leksehjelp
- Foredrag om nettvett og rus (samarbeid med politiet i Sogndal)
- Markering av Verdsdagen for psykisk helse
- Uformell kontakt – kontor på hjørnet
- Eige årshjul spesielt retta mot russ
- Aktivitetsdagar og sosiale arrangement

1.2.2 Arbeid med relasjonskompetanse og felles forståing

Dei tilsette på Sogndal vidaregåande skule skal delta på planlagde klasselærarmøte gjennom året der klasse- og skulemiljø skal vere eit sentralt tema. Her deltek rådgjevar og avdelingsleiar ved behov.

Dei tilsette skal som deltakarar i profesjonsfellesskapet delta aktivt i samarbeid og refleksjonar i utviklinga av eit godt læringsmiljø. I oppfølging av elevsaker er det eit mål å sjå eleven som ein aktør i eige liv. Relasjonen mellom elev og lærar og andre tilsette er viktig for å få tilgang til informasjon om korleis eleven opplever skulen.

Dei tilsette ved Sogndal vidaregåande skal møte eleven med respekt og omtanke, samtidig som dei er tydelege vaksne. For å utvikle ei felles forståing av dette og andre pedagogiske

tema, legg skulen opp til refleksjon i kollegiet. Udir sine kompetansepakkar er retningsgjevande i dette arbeidet:

[Trygt og godt skulemiljø](#) og [Inkluderande praksis](#)

1.2.3 Informasjon til elevar og føresette om kap. 12

Rektor har ansvar for å informere elevane og føresette om rettane i kapittel 12. Rektor har òg ansvar for å informere om aktivitetsplikta etter § 12-4 og 12-5 og om høvet til å melde saka til Statsforvaltaren etter § 12-6. Rektor har ansvar for tenlege informasjonsrutinar til alle elevar og føresette. Informasjonen skal vere tilgjengeleg for alle mottakarar.

Foreldremøte for vg1 og vg2

Kap. 12 og saksgangen i skulemiljøsaker er tema på desse møta ved oppstarten av kvart skuleår.

Klassen sin time, oppstartssamtalar og utviklingssamtalar

- Kontaktlærer skal informere elevar og føresette om retten til eit trygt og inkluderande skulemiljø i samla klasse, i oppstartssamtalen og i utviklingssamtalar. Handlingsplanen for trygt og inkluderande skulemiljø skal vere grunnlaget for denne informasjonen.
- Ein kvardag prega av trivsel, motivasjon og lærelyst er tett knytt til kvaliteten på skulemiljøet. Kontaktlærer skal ha ein relasjon til elevane som gjer det trygt for dei å melde frå når dei sjølve eller medelevar ikkje har det bra på skulen.

Handlingsplanen for trygt og inkluderande skulemiljø skal vere lett tilgjengeleg på skulen si nettside.

1.3 Aktivitetsplikta

1.3.1 Rettsleg grunnlag

Etter opplæringslova § 12-4 har skulen ei aktivitetsplikt for å sikre elevar eit trygt og godt skulemiljø. Elevane sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn i skulen sitt arbeid, jf. opplæringslova § 12-3 andre avsnitt, Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3 og 12.

Alle som arbeider på skulen skal

- følge med på korleis elevane har det
- gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg

Ved kjennskap til eller mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal

- rektor varslast (rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle)
- skulen snarast undersøke saka

Når ei undersøking viser eller ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen sette inn eigna tiltak og lage ein aktivitetsplan der det går fram

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal høyre involverte elevar når dei undersøker saka, vel tiltak og evaluerer tiltaka.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta (punkta ovanfor).

Etter opplæringslova § 12-5 har skulen ei skjerpa aktivitetsplikt dersom tilsette krenker elevar.

1.3.2 Følgje med, gripe inn og melde frå

Alle som arbeider på skulen har ei kontinuerleg plikt til å følge med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Plikta til å følge med inneberer å vere årvaken og aktivt observere korleis elevane agerer kvar for seg og seg imellom. «Følgje med»-plikta må tilpassast dei konkrete omstenda rundt elevane.

Alle som arbeider på skulen har ei plikt til å gripe inn mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Plikta til å gripe inn er ikkje aktuell i alle saker. Det som kjenneteiknar det å gripe inn, er at handlinga skjer straks og er retta mot å stoppe ein akutt situasjon. Det kan til dømes dreie seg om å stanse ein slåstkamp eller ei anna fysisk krenking, stanse ein utfrysningssituasjon eller stanse og irettesette elevar som kallar andre for stygge ting.

Det skal vere låg terskel for å varsle dersom ein veit eller mistenker at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Plikta til å varsle gjeld for all mistanke. Sjå 4.1 prosedyre for gjennomføring av aktivitetsplikta.

1.3.3 Skjerpa aktivitetsplikt

Dersom ein som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen krenker ein elev, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar, jf. Oppl. § 12-5 første ledd. Dersom det er nokon i leiinga ved skulen som

står bak krenkinga, skal skuleeigar ved områdeleiar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøkingar og tiltak skal setjast i verk straks. Plikta gjeld for alle som arbeider på skulen.

Det er ikkje eleven si subjektive oppfatning åleine som avgjer om ein lærar eller annan tilsett har opptredd krenkande. Ytringar som er ein del av eit akseptabelt sosialt samspel, vert ikkje rekna som krenkingar. Dette gjeld sjølv om ein elev utifrå si eiga subjektive oppleving meiner ytringa er krenkande. Elevar kan bli irettesette av lærarar eller oppleve usemje med lærar eller andre elevar utan at dette er ei krenking. Krenkingsomgrepet er objektivt og må definerast ut ifrå ei heilskapleg vurdering av om noko er ei krenking, ikkje berre utifrå opplevinga til den enkelte eleven. Dersom eleven opplever at hen ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, har skulen likevel plikt til å undersøke saka og setje inn tiltak etter den alminnelege aktivitetsplikta

1.3.4 Undersøke

Plikta til å undersøke betyr at skulen skal undersøke eleven si subjektive oppleving av skulemiljøet. Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven opplever eit utrygt skulemiljø eller vert mobba. Målsettinga er å få eleven til å forklare seg om situasjonen.

Undersøkingane må ha som føremål å få fram eleven si subjektive oppleving, fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Det kan også handle om å avklare og opplyse forhold tilbake i tid. Kor grundige undersøkingane skal vere, er avhengig av skjønn, føremålet med undersøkingane og kva situasjon ein står ovanfor i kvart enkelt tilfelle.

Eleven skal i ein trygg situasjon kunne uttale seg fritt i slike undersøkingar. Desse undersøkingane skal vere grunnlaget for kva tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Skulen må vurdere om eventuelle strakstiltak bør setjast inn medan ein undersøker saka.

1.3.5 Setje inn tiltak

Skulen har plikt til å setje inn eigna og lovlege tiltak for alle elevar som opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, uansett årsak. Tiltaka må vere tilpassa den konkrete saka, og ofte vil det vere behov for fleire tiltak samtidig. Tiltaka kan rettast mot eleven som opplever eit utrygt skulemiljø, den eller dei elevane som krenker, gruppe- eller klassemiljøet og/eller heile skulemiljøet.

Val av tiltak skal vere basert på faglege vurderingar og føreset at dei tilsette har oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse om regelverket, skulemiljøet og arbeidet mot mobbing og andre krenkingar. Skuleeigar må sikre at skulen har denne kompetansen.

Ved tilfelle der eleven er motvillig til at det vert sett inn tiltak, er skulen uansett plikta til å vurdere eleven sitt beste, og i nokre tilfelle kan det bety at det vil vere eleven sitt beste å sette inn tiltak sjølv om eleven ikkje ønsker dette sjølv.

4.1 Saksgang - skulemiljøsaker

Gjennomføring av aktivitetsplikta etter opplæringslova § 12-4 og 12-5

Steg	Utføring
<p>Sak vert meldt Elektronisk varsel, varselkjema eller liknande.</p> <p>Elevlar kan melde om tilhøve ved sitt psykososiale skulemiljø både munnleg og skriftleg utan krav om at noko spesielt skjema skal nyttast. Det er viktig å ikkje stille strenge krav til kva det inneber å seie frå eller til at eleven skal bruke dei rette omgrepa.</p> <p>Hugs at det er eleven si eiga oppleving av at han eller ho ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som utløyer aktivitetsplikta. Skulen skal ikkje bagatellisere eleven sine opplevingar av sitt eige skulemiljø.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Skulemiljøsaker skal meldast til avdelingsleiar. - Avdelingsleiar hentar informasjon om eleven/elevane frå elevtenesta og kontaktlærar. - Varsling skal dokumenterast ved å fylle ut varselkjema: Kap 12 Varselskjema Svgs.docx - Avdelingsleiar orienterer rektor. - Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Slik melding skal sendast per e-post i anonymisert form. - Om sak er meldt av ein annan enn elev som opplever krenking: <ul style="list-style-type: none"> o Samtale med meldar. - Opprett sak/journalpost i gjeldande sak- og arkivsystem <ul style="list-style-type: none"> o All arkivverdig dokumentasjon som gjeld einskildelevar skal lagrast i elevmappa. Skuleeigar skal leggast til som kopimottakar. <p>Leiar for elevtenesta er støttefunksjon for avdelingsleiar og kontaktlærar i skulemiljøsaker.</p> <p>Dersom ein tilsett på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan tilsett på skulen krenker ein elev, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar, jf. Oppl. § 12-5 første ledd.</p>
<p>Undersøk saka</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Undersøke fakta <ul style="list-style-type: none"> o Undersøkinga vert utført av avdelingsleiar med støtte frå elevtenesta og kontaktlærar ved behov. - Samtale med eleven som opplever utrygt skulemiljø <ul style="list-style-type: none"> o Eleven som opplever eit utrygt skulemiljø skal vite at leiinga ved skulen tek ansvar.

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Skulen må sørge for at eleven som opplever utrygt skulemiljø får medverke når saka vert undersøkt. ○ Om eleven er under 18 år, må skulen vurdere å kontakte føresette. Eleven må i tilfelle informerast om dette. - Skulen må vurdere strakstiltak medan eventuelle lengre undersøkingar er i gang. - Samtale med direkte involverte elevar <ul style="list-style-type: none"> ○ Skulen må avklare og avtale med eleven som opplever utrygt skulemiljø før ein samtalar med andre direkte involverte elevar. ○ Målsettinga er å få elev/elevar til å forklare seg om situasjonen. Skulen må vurdere om føresette skal kontaktast dersom eleven er under 18 år. - Det er viktig å hugse at ein ofte må nytte fleire verktøy for å undersøke. Det er ikkje alltid at samtale åleine er nok for å få fram fakta om situasjonen. Døme på andre verktøy kan vere observasjonar, opplysingar frå Elevundersøkinga eller verktøy for kartlegging av klassemiljø og relasjonar mellom elevar.
<p>Utarbeid ein aktivitetsplan dersom undersøkingane syner at eleven ikkje har det trygt og godt.</p> <p>Tiltak i ein aktivitetsplan kan rette seg mot fleire elevar eller knytte seg til situasjonar som omfattar fleire elevar. Det kan difor i mange tilfelle vere nødvendig å lage fleire aktivitetsplanar i ei og same sak. Ofte vil ein elev som utsett andre for krenkingar sjølv trenge ein aktivitetsplan.</p> <p>Det kan også i nokre tilfelle vere nødvendig å lage aktivitetsplan på gruppenivå.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Avdelingsleiar ser til at det vert utarbeida ein aktivitetsplan. - Aktivitetsplanen skal innehalde <ol style="list-style-type: none"> a) Kva problem tiltaka skal løyse b) Kva tiltak skulen har planlagt c) Når tiltaka skal gjennomførast d) Kven som har ansvar for gjennomføring av tiltaka e) Når og korleis tiltaka skal evaluerast. - Det er ein eigen mal som skal nyttast når det skal skrivast aktivitetsplan: Aktivitetsplan - mal VLFK - Elev og føresette, om eleven er under 18 år, skal få moglegheit til å medverke i utforminga av tiltaka i aktivitetsplanen.
<p>Set i verk tiltak</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Tiltaka i aktivitetsplanen skal setjast i verk i tråd med aktivitetsplanen.
<p>Vurder behov for sanksjonar/reaksjonar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Ein set inn sanksjonar for elev/elevar i dei tilfella det er brot på ordensreglementet. Sanksjonane skal

	dokumenterast, jf. ordensreglementet som viser tillatne sanksjonar.
Vurder behov for personalmessige tiltak ved 12-5 sak	<ul style="list-style-type: none"> - Undersøke fakta <ul style="list-style-type: none"> o Undersøkinga vert utført av rektor eller den rektor delegerer oppgåva til. - Rektor skal varsle skuleeigar, og undersøkingar og tiltak skal setjast i verk straks. - Samtale med den tilsette som varselet gjeld <ul style="list-style-type: none"> o Den tilsette som varselet gjeld skal straks informerast og få høve til å uttale seg i saka. - Samtale med elev <ul style="list-style-type: none"> o Eleven skal høyrast og føresette til elev under 18 år skal som hovudregel kontaktast. - Vurdere om prosedyre for personalsak skal nyttast.
Evaluer Skulen skal følgje opp saka og evaluere om tiltaka som er sett inn har ført til at eleven har fått det betre på skulen.	<ul style="list-style-type: none"> - Evaluer tiltaka i samsvar med aktivitetsplanen. - Involver eleven og eventuelt føresette i evalueringa av tiltaka. - Evalueringa skal dokumenterast i tiltaksplanen.
Vurdere behov for vidareføring av tiltak eller nye tiltak Tiltaksplikta gjeld så lenge ein elev opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som kan settast inn.	<ul style="list-style-type: none"> - Eventuelt forleng tiltaksperioden. - Eventuelt set inn fleire eller andre tiltak - Planen skal oppdaterast med neste evalueringstidspunkt - Siste versjon av planen skal lagrast i Elements og elev/føresette skal ha kopi av siste versjon <p>Skulen kan først avslutte saka når eleven opplever eit trygt og godt skulemiljø, og når denne opplevinga ikkje avheng av tiltaka i aktivitetsplanen.</p>

4.2 Lenkjer

<https://www.statped.no/laringsressurser/Specialpedagogikk/nullmobbing.no/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/mobbing/>

[Kongeriket Noregs grunnlov](#)

Oppfylgning av opplæringslova kapittel 12 i Vestland fylkeskommune:

<https://handbok.vlfk.no/document/5707>